

## SAK 9/24 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL - RULLERING

### Saksopplysning:

Hallingtinget brukte god tid på strategisk plan for Hallingdal i sitt møte 19. april og kom med mange gode innspel på mål, tiltak, hovudsatsingar og prosess. Det var semje om ein prosess der kommunedirektørane og regionrådsadministrasjonen jobba tett saman, der det vil bli høve til politiske innspel underveis både i regionrådet og ved at ordførarar inviterer dagleg leiar til kommunestyre i den enkelte kommune. Det har vore relativ lite innspel både frå politisk nivå og administrasjon, men det er føreligg likevel eit ganske gjennomarbeida forslag til «Strategisk plan Hallingdal», som ligg vedlagt.

### Vurdering:

Det har sidan oppstarten vore semje om at følgjande skal vera på plass når planen er vedteken:

- Planen skissere kva regionen må, eller ønskjer å samarbeide om for å få til ønska utvikling.
- Målsetingane er realistiske og mogelege å nå
- Det er evne og vilje til å gjennomføre det som står i handlingsplanen, både med tanke på økonomi, tid og personalressursar

I det utkastet til Strategisk plan som no ligg ved, er innspel frå Hallingting og Regionråd teke inn, saman med innspel frå næringsforum, sats på Hallingdal, nulystprosjektet og klimaplanprosessen. Satsingsområda er justert noko, men både målformuleringane og handlingsprogrammet er justert i tråd med kunnskapsgrunnlaget. Det har vore utfordrande å få innspel frå kommunane, både politisk og administrativt. Dette kan ha samanheng med at hausten er ein hetisk periode, men det kan også vera fordi regionalt samarbeid kan vera krevjande av og til. Ideelt sett burde kanskje planen vore meir overordna og kommunane burde hatt betre eigarskap til planen, men slik den føreligg no vil det vera eit godt styringsdokument både for kommunar og regionråd. Planen er først og fremst ein plan for samarbeid som inviterer til nytenkning og utvikling som gagnar dalen.

### Forslag til vedtak

Hallingtinget vedtek Strategisk Plan Hallingdal med dei endringane som kom fram i møte.

Hallingdal, 17. okt. 2024

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

### Vedlegg:

Vedlegg 1: Utkast til strategisk plan for Hallingdal

## Strategisk Plan Hallingdal 2025-2028

### Innleiing

I Hallingdal klarar me oss svært bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me har dei seinare åra hatt vekst i folketall i alle kommunar og sjølv om veksten no ser ut til å stagnere noko og hovudforklaringa er busetting av ukrainske flykningar ser ikkje verden så verst ut med Hallingauge. Næringslivet i dalen er i ferd med å reise seg etter nokre ekstremt utfordrande år med pandemi, høge straumprisar og generell råvaremangel grunna krigen i Ukraina. Det er fortsatt mindre byggeaktivitet, høge prisar og høg rente, men byggenæring ser lys i tunnelen og turistnæring og handelsnæring har det betre enn på lenge. No er det viktig at kommunane ikkje trappar ned stimuleringa av næringslivet, men at alle dei gode initiativa som kjem med næringshagen, etableresenteret, grunderhub i Hemsedal og Sats på Hallingdal, blir følgt opp av kommunane og næringa sjølv.

I tillegg til tradisjonell næringsutvikling, er «kampen om arbeidskrafta» kampen for å endre utanforskap til innanforskap, grøn og digital omstilling i full gong. For å vinne desse kampane, må regionen tenke utradisjonelt og gjera dei rette grepene med tanke på organisering og samarbeid. Me må ikkje berre si at me er ein bu- arbeids og utdanningsregion, me må vera det i praksis!

### Bakgrunn

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år. I juni 2024 vedtok Hallingtinget å starte rullering av Strategisk plan for Hallingdal 2025 -2028.

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, først ut i landet. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2025-2028 vil handle om korleis me skal vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal og kva Hallingdal skal arbeide saman om for å møte framtida. Me vil ta omsyn til regionale planar og nasjonale føringar, og så vil også denne gongen FN sine berekraftsmål vere sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2025 -2028, erstattar gjeldande SP for 2021-2024 og handlingsprogrammet frå 2022.

### Formål med Strategisk plan og handlingsprogram

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek for seg dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2028. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeidd eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet skisserer tiltak og handlingar som kommunane i Hallingdal skal samarbeide om for å nå måla. Programmet har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

## FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FNs Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal er samarbeid kanskje det viktigaste, men i tillegg har me vektlagt følgjande berekraftsmål



## Mogelegheiter og konkurransefortrinn

Hallingdal.. :

- har lang tradisjon for regionalt samarbeid
- har rykte på seg for å vera samla som region
- er ein bu- arbeids- og utdanningsregion
- har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- har attraktive hytteområde og 20000 hyttehallinger som bidreg til mangfald og profilering
- har ei sentral geografisk plassering med kort avstand til både Osloområdet og Vestlandet.
- har gode bu- og oppvekstvilkår
- har attraktive og levande bygder
- har attraktiv natur med det beste sti og løypenetettet i Noreg
- er fjellregionen for folk i Buskerud og det sentrale Austlandet
- har god plass, god tilgang på kraft og er godt eigna for næringar der lokalisering er underordna.

## Verdigrunnlag

*Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?*

For å nå måla våre, skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

**LEIKEN:** Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverer, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.

**EKTA:** Me er opne, ærlege og prøver ikkje å framstå som noko anna enn det me er. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.

**FRI:** Hallingdal har god plass til alle og det er lov til å vera den ein er. Me har flott og variert natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfald og toleranse.

**FRISK:** Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i arbeidet for å oppnå dette. Frisk kan og spela på at dei fysiske tilhøva ligg til rette for å halde seg frisk.

## Overordna mål

*Kvar skal Hallingdal vera når planperioden er over*

**Hallingdal er ein attraktiv, inkluderande, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besøkande»**


Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må me få til fleire arbeidsplassar, eit meir variert næringsliv med større verdiskapning. Me må også ha fleire utdanningstilbod og større variasjon i tilboda. Alt dette skal me få til gjennom innovasjon og nyskaping i eit tett samarbeid mellom det offentlege, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og livskraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane me har i Hallingdal. Fordi me er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenester skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheld seg i dalen.

## Innsatsområde og resultatmål

*Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?*

Innsatsområda er ikkje plukka ut tilfeldig, men er område der me trur me ha mest å hente og der me tenkjer at det er lurt å samarbeide om for å utvikle samfunnet vår og tenestene til dei som bur her og kjem hit som gjester.


Kvar innsatsområde er behandla for seg med eit lite kunnskapsgrunnlag og ei målformulering.



## NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR

Hallingdal er ein bu-, arbeids- og utdanningsregion. Det er difor naturleg med eit tett samarbeid mellom kommunane for å gi næringsaktørane eit best mogeleg grunnlag for verdiskaping, vekst, tilgang til kompetanse osb. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet.

I dei seinare åra, har talet på arbeidsplassar både totalt sett og fordeling på sektor vore relativt stabilt. Ein kan likevel merke seg at det nesten ikkje er statlege og fylkeskommunale stillingar i dalen. Når ein ser på stillingar etter næring er det auke i alle næringar bortesett frå jordbruk/skogbruk. Tendensen elles er noko større auke i offentleg enn i privat sektor og så veit me at næringslivet fortsatt er relativt reiselivsorientert – så me bør fortsette å stimulere nye næringar.



Tal på sysselsette etter næring	2020	2021	2022	2023
Jordbruk, skogbruk	482	458	465	459
Industri	488	535	649	552
Bygge og anleggsvirksomhet	1 628	1 743	1 750	1 774
Varehandel, motorvognreparasjon	1 417	1 448	1 484	1 445
Transport og lagring	319	300	301	318
Overnatting og servering	838	944	850	835
Informasjon og kommunikasjon	78	100	104	117
Finansiering og forsikring	103	124	128	138
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	486	530	523	488
Forretningsmessig tjenesteyting	448	445	448	426
Offentlig administrasjon	361	382	419	420
Undervisning	699	711	720	718
Helse og sosialtjenester	1 940	1 942	2 055	2 090
Personlig tjenesteyting	422	459	430	496
Uoppgitt næring	128	110	112	110
	10 660	11 018	11 105	11 151

Hallingdal har vore omstillingsregion i snart tre år. Hovudårsaka til at me fekk omstillingsstatus, var at Hallingdal hadde eit noko einsidig reiselivsbasert næringsliv. Me vart tilrådd å jobbe for større variasjon og breidde i næringslivet og forsøke å skape fleire arbeidsplassar innan bygg/anlegg, industri, kulturfeltet og i utdanningssektoren. I tillegg skulle me ta vare på reiselivet og næringar som jobbar med opplevelingsturisme. Fordi det var overvekt av menn i dalen vart me også tilrådd å satse på kvinner og frå før visste me at me bør jobbe for å få til stillingar med krav til høgare utdanning.

## Korleis lære av omstillingsperioden?

Programmet har leigd inn Harald Husabø, BDO for å kartlegge og oppsummere kva Hallingdal sit att med etter omstillingsperioden og kva ein bør ta med seg vidare i næringsarbeidet. Kommunar, fylkeskommunar og bedrifter er intervjua og her er nokre av konklusjonane når det gjeld kva me bør satse på og kva utfordringar dette kan gi

### KVA BØR EIN SATSE PÅ

- Profilere ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion - attraktivitet
- Rekruttering og kompetanseutvikling, utvikle Campus Hallingdal vidare, trainee, hospitering i bedrift, osv.
- Næringsvennleg region - bli attraktive mot nyetableringar
- Etablere bedriftsnettverk - industri, reiseliv, osv.
- Næringsforum - koordinering sterkt forankra i Regionrådet
- Auka samhandling med fag-/forskningsmiljø
- Realisering av viktige prosjekt - t.d Upstream, bolignettverk
- Styrke satsingar innanfor primærnæringane
- Satse på variasjon, nærlingar som mat, Industri, oppdrett, osv.
- Styrke det regionale samarbeidet
- Bør ha ein ressurs på regionalt nivå som kan ta tak i overordna prosjekt - og som kan jobbe på tvers og ha regionalt fokus i utviklingsarbeidet

### KVA ER UTFORDRANDE

- Demografisk utvikling - eldre befolkning,
- Tilgang på arbeidskraft
- Svingningar/konjunkturar i byggeomaktivitet
- Tilstrekkeleg finansiering til utviklingsarbeid
- Vilje til å samarbeide i regionen om større satsingar og felles utfordringar
- Kunnskap om samfunn og næringsutviklingsarbeid i kommuner

Skal Hallingdal klare seg i kampen om arbeidskrafta, må me lære av eigne erfaringar og så må næringssliv og kommunar i større grad enn før jobbe saman.

## MÅL 1. NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR

### Mål 1:

**Hallingdal har etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet.**

### Mål 2:

**Regionen har auke i talet på arbeidsplassar og nyetableringar og større variasjon i bransjar**

### Mål 3:

**Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.**


### Mål 4:

**Kvinnenes posisjon i næringslivet er styrka:**


## KOMPETANSE OG UTDANNING

Regionrådet har i fleire år hatt ei klar målsetting om å bidra til fleire utdanningsplassar i Hallingdal. Dette gjed både vidaregåande utdanning og høgare utdanningsplassar. No ser det ut som om denne satsinga har lukkast og det er no fleire aktørar som tilbyr utdanning i dalen. Arbeidet med eit fullverdig Campus i Hallingdal har gått for fullt i eit par år og prosjektet fekk ein real opptur når det vart løyvd midlar over statsbudsjettet for å koma i gong. No er dei første 60 studentane på plass på studiar innan innovasjon og beredskap, IT og digitalisering og lærarutdanning 1-7. trinn. Intensjonen er å utvikle tilbodet med fleire studieplassar og fleire studieretningar i åra framover.

Utdanningssenter Geilo (USG) tilbyr studiar i bedriftsøkonomi, fleire leiarutdanningar både på Geilo og på Torpomoen i tillegg til Fagskulestudiar innan helse, bygg og reiseliv. I tillegg tilbyr USN desentralisert sjukepleiarutdanning på Torpomoen. Totalt vil er det om lag 330 studieplassar tilgjengeleg i Hallingdal frå hausten 2024 og målsettinga er at dette skal aukast kraftig.



Kjelde: SSBs yrkesstatistikk,  
bearbeidet av Akershus  
fylkeskommune



Hallingdal har lågt utdanningsnivå samanlikna med andre regionar og det er langt til nærmeste studiestad. Skal Hallingdal vinne kampen om arbeidskrafa og utdanne ungdomane våre i tråd med behovet i arbeidslivet er det viktig at me satsar på utdanning og skule på alle nivå og at me bygger opp eit fullverdig økosystem for utdanning i Hallingdal.

## Utanforskap

Utanforskap er å stå utanfor fellesskapet og kan ha fleire årsakar. Det kan ha med formalkompetanse å gjera, men også om digitalkompetanse, økonomi, rase, språk, funksjonsevne osb. Buskerud fylkeskommune har definert utanforskap som eit satsingsområde og det ønskjer også Hallingdal å gjera. Ein definerer utanforskap i arbeidslivet slik: Me tek utgangspunkt i innbyggjarane busett i Noreg i alderen 20 – 66 år i desember kvart år.

Har person x eit arbeidsforhold i AA-registeret?

Om svaret er nei - er person x i eit høgare utdanningsløp?

Om svaret er nei – har person x tatt ut alderspensjon eller offentlig AFP?

Om svaret er nei – har person x næringsinntekt over 50 000 som sjølvstendig næringsdrivande?

Om svaret er nei – Person x er i utanforskap med eller utan trygd (inkl. sosialhjelp)

I Hallingdal var 18 % i aldersgruppa 20-66 i utanforskap i 2023. Tilsvarande for aldersgruppa 20 – 29 var 17 %.

Utanforskap pr. kommune 2023:

Kommune	20 – 29 år	20-66 år
Flå	17 %	21 %
Gol	18 %	19 %
Hemsedal	14 %	14 %
Hol	16 %	18 %
Nesbyen	13 %	17 %
Ål	19 %	19 %

## MÅL 2. KOMPETANSE OG UTDANNING

### Mål 1:

**Hallingdal kan tilby 500 studieplassar på fagskule og høgskulenivå**

### Mål 2:

**Hallingdal jobbar systematisk med eit variert VGS tilbod, med å sikre gode overgangar frå grunnskule til VGS og med å opplyse om vidare utdanningsmogleheter i Hallingdal etter endt vidaregåande opplæring. Me stimulerer også lokalt næringsliv til å ta eigarskap til utdanningsløp for å sikre eigen arbeidskraft**

### Mål 3.

**Yrkes- og utdanningsmessa er sikra økonomisk. Regionalt næringsliv ser på yrkesmessa som ein relevant arena for å rekruttere arbeidskraft**

### Mål 4:

**Det er etablert fleire konkrete tiltak er som har fokus på å gjera motverke utanforskap**

### Mål 5:

**Næringsliv, det offentlege og akademia jobbar systematisk med næringslivsutvikling og samfunnsutvikling**

## KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønsker felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det ei kontinuerleg satsing på å betre den digitale infrastrukturen.


Forkortingen av Bergensbanen FRE 16, er eit prosjekt som me i Hallingdal har fokusert på i mange år og som me fortsatt skal kjempe for. Dette er eit nasjonal prosjekt som vil ha enorm verknad for tilflytting, næringsutvikling og klima/miljø i Hallingdal og langs heile aust-vest sambandet Oslo-Bergen. Satsing på jernbane er avgjerande for redusere utslepp og for å nå dei nasjonale klima-måla. Tog kan erstatte veksten i godstransport på strekninga og kan bidra til eit endra reisemønster til Hallingdal, som er den største reiselivsregionen i landet. Ei utbygging av FRE 16 vil også redusere ulykker ved at den stadig aukande biltrafikken på Rv 7 gjennom Hallingdal og EV16 gjennom Hole blir mindre. I tillegg kan toget bli eit alternativ til fly mellom Oslo og Bergen. Det er, slik det ser ut no ikkje veldig lyse utsikter for snarleg oppstart, men det er viktig at Regionrådet samferdselsutvalet og andre alliansepartar jobbar kontinuerlig med dette.



Når det gjeld veg ligg Rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik (og dermed vegpakke Hallingdal) inne med 700 mill i NTP, men utan løyving i statsbudsjettet. Regionrådet har i lang tid meint at låg vegstandard, foruroligande ulykkesstatistikk, samt dagens trafikksituasjon med mykje tungtransport og forventa trafikkauke og tilseier at denne strekninga må prioriterast i tidleg i første seksårsperiode i NTP 2025-2033.

Me har også fokus på fjellovergangane. Me veit at RV 7 er den kortaste, mens Rv 52 er den mest nytta for tungtransporten. Bygging av Dyranuttunnell på Hardangervidda vil gje ein meir vintersikker veg for trafikantane, betre samfunnsberedskapen og sikre betre levekår for villreinen.

### Trafikkauke Flå og Ørgenvika



Kjelde: SVV Tabellen viser ei trafikkauke på om lag 30% på Rv7 dei siste 10 åra

I Hallingdal argumenterer me med trafikkauke, blandingstrafikk og ulykkesstatistikk. Det har vore alt for mange stygge ulykker i Hallingdal i alt for mange år. Det hastar å få gjort noko med fleire vegar og dette er det semje om at me skal arbeide saman om. Tabellen nedanfor viser reduksjon i trafikkdrepne på fire ulike vegstrekninger. På Rv3, E6 Gudbrandsdalen og E16 Valdres er det uført store tiltak på vegen og ein ser kva effekt dette har hatt på ulykkesstatistikken.

	Gjennomsnitt trafikkdrepne pr. år 2003-2012	Gjennomsnitt trafikkdrepne pr. år 2013-2022	Reduksjon
<b>Østerdalen Rv 3</b>	3,9	1,2	69%
<b>Gudbrandsdalen E6</b>	1,3	0,6	52%
<b>Valdres E16</b>	1,3	0,9	33%
<b>Hallingdal Rv 7</b>	2,7	2,2	18%

**Stor trafikk saman med låg vegstandard gir låg regularitet og høg ulykkesprosent.**

MÅL 3. KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR
<b>Mål 1:</b> <b>Bygginga av vegpakke Hallingdal samt utbetring av fjellovergangane har kome i gong</b>
<b>Mål 2:</b> <b>FRE 16 - Bergensbanen si forkorting har fått oppstartsløyving.</b>
<b>Mål 3:</b> <b>Hallingdal har betra kollektivtilbod gjennom nytenking rundt organisering og finansiering</b>
<b>Mål 4:</b> <b>Alle bustadene i Hallingdal har tilbod om breibandsdekning</b>



## KLIMA OG MILJØ

Klimaendring på grunn av global oppvarming og tap av natur er nokre av dei store utfordringane verda og dermed Hallingdal står ovanfor i dag. Der utarbeid ein klimaplan for Hallingdal som viser korleis Hallingdal vil gjera konkrete grep for å møte ei bærekraftig framtid. Planen set klare mål og føreslår konkrete tiltak for å redusere klimagassutsleppa, slik at me tek vare på det naturmangfald, klima og sikrar at lokalsamfunna er rusta til å møte klimautfordringane. I denne planen har me tatt ut nokre av dei måla og tiltaka me meiner det er lurt å samarbeide om.

Temperaturen på jorda aukar fordi utslepp av klimagassar aukar. Vintrane i Hallingdal er fortsatt relativt gode, men dei har vorte mildare. Naturen er under press fordi me bygger ned natur for å få plass til treng meire plass til vegar, bygg og anna infrastruktur

Ei bærekraftig utvikling krev endring og innsats frå alle. Det krev samarbeid mellom kommunar, næringsliv, frivillige og kvar einskild innbyggar. Hallingdal har vist at me ønskjer å få til grøne løysingar og bærekraft. Me var tidleg ute med å merke destinasjonane våre med merket for bærekraftig reisemål, me har i mange år hatt eit aktivt klimanettverk i dalen, og me delar av næringslivet har kome langt med bærekraftige løysingar som gjer at dei har ein fordel i konkurransen med andre .

No er det opp til oss alle om me kan gjera dei endringane som skal til for å lukkast. Me må då investere i klimavenlege løysingar, me har ei klar målsetting om å redusere klimagassutsleppa med 40% samanlikna med referanseåret 2009, me må bruke mindre energi, kjøpe mindre, bruke meir om att, eller behalde det i sirkelen osb. På sikt vil dette vere lønsamt både for klima og for økonomien til både bedrifter og privatpersonar



**MÅL 4. KLIMA OG MILJØ****Mål 1:**

**Hallingdal legg til rette for økt reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikre berekraftig forbruk og avfallsreduksjon.**

**Mål 2:**

**Kommunane har klimavennlege og innovative innkjøp av varer og tenester og har eit berekraftig forbruksmønster.**

**Mål 3:**

**Hallingdal er pådrivarar for grøne næringar ved å få til økonomisk vekst med mindre miljøpåverknad og lågare utslepp av klimagassar**

**Mål 4**

**Hallingdal reduserer utslepp frå vegtrafikk gjennom auka tilrettelegging for utsleppsfree køyretøy, betre kollektivtilbod og tilrettelegging for sykkel og fotgengarar**

**MÅL 5.**

**Me reduserer forbruket av energi og produserer meir fornybar energi**

**Mål 6.**

**Hallingdal jobbar systematisk for å nå måla i regional plan for klima, natur og klimatilpassing.**


## BU - OG BLILYST

Det skal vera attraktivt å bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det vera trygt å leve og vekse opp, og gjester skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilere seg på at me er ein region med sterke og inkluderende lokalsamfunn, der innbyggjarane er ressursar, trivast, oppleve tilhørighet og god livskvalitet. Kort sagt i Hallingdal skal det vera mogeleg å vekse, tid til å leva.

Det har vore ei positiv folketalsauke i Hallingdal dei siste 5 åra. Nesbyen og Hol har om lag same folketal som for 5 år sidan, mens dei andre kommunane har auka. Dette er ganske uvanlige i ein distriktsregion. Hovudårsaka er innvandring og spesielt busette Ukrainarar har bidrige til å halde talet oppe. Sjølv om det har vore positive folketal er det stor utflytting og stor innflytting (turnover) Me ønsker gjennom bu og blilystsamarbeidet i dalen i finne ut korleis me kan bli betre på rekruttering og på å attrahere dei rette folka, samtidig som me vil ha fokus på korleis kan me ta vare på di som har kome hit – som bur her i dag.

Kommune	2019	2020	2021	2022	2023	30.6-24
Flå	1 052	1 050	1 049	1 097	1 115	1 139
Nesbyen	3 315	3 273	3 262	3 299	3 301	3 271
Gol	4 576	4 608	4 636	4 767	4 986	4 878
Hemsedal	2 481	2 486	2 546	2 645	2 666	2 662
Ål	4 671	4 674	4 648	4 862	5 007	4 860
Hol	4 473	4 441	4 434	4 506	4 496	4 507
<b>Totalt</b>	<b>20 568</b>	<b>20 532</b>	<b>20 575</b>	<b>21 176</b>	<b>21 571</b>	<b>21 317</b>

Like viktig som folketal er det å sjå på alderssamsetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner at det er : 300 færre i aldersgruppa 0 – 19 900 færre i aldersgruppa 20 – 64 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre



Velfungerande arbeids- og bustadmarknader er dei to viktigaste faktorane for å behalde og å tiltrekke seg innbyggjarar i arbeidsfør alder. Bustader i seg sjølv er ikkje ei drivkraft for flytting til distrikt, men mangel på eigna bustader er ei konkret hindring for å gjere det - og kan påverke val om å flytte vidare etter kort tid. Å arbeide for eit velfungerande, dynamisk og variert bustadmarknad i regionen er derfor ein viktig føresetnad for alt bu- og blilystarbeid.

Ei digital spørreundersøking om bustadbehov hjå innbyggjarar og moglege tilflyttarar til Hallingdal i 2023/2024 viste at mange førstegongsskjøparar, særleg unge hallingar og innvandrarar under 45 år, har for låg brutto årsinntekt til å få ordinær bankfinansiering til kjøp av bustader i regionen. (71% av

dei spurte har ikkje råd til å kjøpe bustad over 3,1 mnok).

Kartlegginga avdekkja også behov for og ynskje om eit meir variert bustadtilbod med eit større utval av t.d. leilegheiter og rekkehus, sosiale bufomer og kompakthus. Innbyggjarar i Hallingdal ynskjer i hovudsak å bu i landlege omgjevnader og samtidig har nærliek til tenester og service i kvardagen. Særleg for tilflyttarar er nærliek til natur, rekreasjon og friluftsmogleheter viktig i val av bustad ved flytting til Hallingdal. Dette er unike eigenskapar vi har i Hallingdal og som kommunane gjennom strategisk planarbeid kan nytte for å auke sin attraktivitet. Mål frå bustadutviklingsprosjektet:

- Styrka regionalt samarbeid om bustadutvikling, ved å etablere eit felles kunnskapsgrunnlag for kva ein heilheitleg bustadpolitikk i Hallingdal er og kan vere.
- Styrka bruk av ulike virkemiddel som t.d. Husbankens tilskotsordningar og Distriktsenteret og andre aktørar sin kompetanse, inn i kommunal og privat bustadutvikling i Hallingdal
- Auka communal kompetanse på innovative og alternative arbeids- og samarbeidsformer på bustadutvikling, gjennom læring av kvarandre, erfaringsdeling og tverrsektoriell dialog
- Gjennom samarbeid og innovative arbeidsformer finne bærekraftige løysingar som reduserer tapsrisikoen ved nybygging og kjøp av nybygde hus

Gjennom samarbeid og innovative arbeidsformer finne bærekraftige løysingar som stimulerer til utvikling av nyskapande bustadtyper i regionen, som dekker framtidsbehov mtp kommunenes/ regionens vekst- og utviklingsambisjonar

## MÅL 5. BU - OG BLILYST

### Mål 1:

**Det er etablert samarbeid mellom offentlege og private aktørar om bustadutvikling i alle kommunar, og utarbeidd strategiar for styrka regionalt samarbeid på bustadfeltet.**

### Mål 2:

**Det er iverksett strategiar for å få bulystarbeid inn i communal drift og ein har fått på plass tiltak for auka trivsel og tilhøyrigheit for innbyggjarane i Hallingdal**

### Mål 3:

**Hallingdal har iverksett nye tiltak for at fleire flyttar til Hallingdal og blir buande, og færre flytter frå.**

### Mål 4:

**Hallingdal profilerer seg som EIN bu- utdannings og arbeidsregion og har målretta marknadsføring mot den kompetansen og dei folka me treng for å utvikle regionen**

## INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID

Hallingdal har god og lang erfaring med interkommunalt samarbeid. I dag har me over 40 formelle interkommunale samarbeid mellom kommunane og endå fleire uformelle. Regionale samarbeid kjem ofte i stand fordi kvar kommune er for små til å klare seg sjølv, fordi interkommunale samarbeid kan betre kvalitet, vera gunstig økonomisk eller redusere sårbarheit. Det er stor semje om at kommunane er avhengige av fortsatt godt samarbeid for å utvikle regionen i ønska retning og for kunne gje framtidsretta og gode kommunale tenester for dei som bur og oppheld seg regionen. Det kan likevel vera diskusjon om korleis ein gjer dette og korleis ein skal delta inn i det interkommunale samarbeidet.

Distrikssenteret har laga 10 teser eller årsaker til at regionalt samarbeid lukkast

### **10 grunnar til at regionale samarbeid lukkast**

1. Utan tillit mellom sentrale aktørar blir samarbeidet en tidstjuv
2. Leiarar må ha evne og vilje til å utnytte potensiale i heile regionen
3. Reell forankring kan ikkje vedtakast
4. Regionalt samarbeid krev at ein er einige om felles utfordringar
5. Ulik målforståing bryt ned samarbeid
6. For å nå måla må alle viktige aktørar vere med på laget
7. For å få næringslivet med på samarbeidet, må de vise at det er nyttig for dei
8. En regional strategisk næringsplan skaper ikkje vekstkraft i seg sjølv
9. Regionen må ha evne til raskt å utnytte moglegheiter som dukkar opp undervegs
10. Samarbeid utan begeistring og entusiasme gir sjeldan resultat

## MÅL 6. INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID

### **Mål 1.**

**Hallingdal har utvikla eit strategi for betre samarbeid mellom ulike nivå i kommunane, mellom kommunar og mellom kommunar og Regionråd**

### **Mål 2.**

**Hallingdal er einige om korleis ein forvaltar nye og eksisterande regionale samarbeidsinteresser og eigarinteresser og korleis ein generelt brukar ressursane i dalen best mogeleg**

### **Mål 3.**

**Hallingdal samarbeider godt om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.**

### **Mål 4.**

**Hallingdal har betra, fornya og forenkla sine IT løysingar slik at ein kan møte den digitale framtida på ein sikker og effektiv måte og bidra til å nå nasjonalt mål om å bli det mest digitaliserte landet i verda**

## Handlingsprogram 2025 – 2028

<b>NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>
<b>Mål 1.1:</b> <b>Hallingdal har etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet.</b>			
<b>1.1.1.</b> Utarbeide ein felles samarbeidsplan for næringsutvikling i Hallingdal. Rollefordeling utdannings- og bemanningsbehov	2025	Næringsforum	
1.1.2. Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringstomter, ressurspersonar og støtteordningar.	2025	Næringsforum	
1.1.3 Vurdere dei tiltaka som kom fram i rapporten etter strategisk plan	2026	Regionråd	Næringsforum
<b>Mål 1.2:</b> <b>Regionen har auke i talet på arbeidsplassar og nyetableringar og større variasjon i bransjar</b>			
1.2.1 Arbeide vidare med etablering av investeringsfond for lokale vekstbedrifter (Fjellfond)	2025	Næringshage	Vidju
1.2.2 Jobbe for eit fylkesdistriktsenter i Hallingdal	2026	Regionrådet	
1.2.3 Gjera fortløpende kartlegging på kva behov næringslivet har mtp støtte, tiltak frå kommunar og frå andre næringslivsaktørar	2025	Næringshagen Kommunane	Regionrådet
1.2.4 Utarbeide ein «grunderstrategi»	2025	Etablerersenter	
<b>Mål 1.3:</b> <b>Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.</b>			
1.3.1 Utbetre den regional innkjøpsstrategien slik at den tek inn over seg nye krav til klimavenlege og innovative innkjøp og i større grad tek omsyn til lokale næringslivsaktørar.	2025	Kommunar	Regionråd
<b>Mål 1.4:</b> <b>Kvinnenes posisjon i næringslivet er styrka</b>			
1.4.1 Stimulere til nyetablering slik at det er over 40% kvinneleg grundarar	2025	Etablerersenter	Kvinnegnist
1.4.2 Jobbe for å få fleire kvinner inn i leininga i bedrifter.	2026	Næringshage	Kvinnegnist

1.4.3 Jobbe for 40% kvinneleg styre-representasjon i alle styrer	2027	Næringshage	Kvinnegnist
--	------	-------------	-------------

<b>KOMPETANSE OG UTDANNING</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>
<b>Mål 2.1:</b> <b>Hallingdal kan tilby 600 studieplassar på fagskule og høgskulenivå</b>			
2.1.1 Arbeide for fleire desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal	2025	Næringsforum	Regionråd USN USG
<b>Mål 2.2:</b> <b>Hallingdal jobbar systematisk med eit variert VGS tilbod, med å sikre gode overgangar frå grunnskule til VGS og med å opplyse om vidare utdanningsmogleheter i Hallingdal etter endt vidaregåande opplæring. Me stimulerer også lokalt næringsliv til å ta eigarskap til utdanningsløp for å sikre eigen arbeidskraft</b>			
2.2.1 Oppretthalde og vidareutvikle ein skulestruktur som styrkar gjennomføringsgrad og dekker regionens behov.	2025		Regionrådet BFK
2.2.2 Jobbe for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.	2025		Regionrådet BFK Næringsliv
<b>Mål 2.3:</b> <b>Yrkes- og utdanningsmessa er sikra økonomisk. Regionalt næringsliv ser på yrkesmessa som ein relevant arena for å rekruttere arbeidskraft</b>			
2.3.1 Me har fått plass ei avtale med offentlege aktørar og næringsaktørar som sikrar drift framover	2026	Regionrådet	Næringshagen Karrieresenteret
<b>Mål 2.4:</b> <b>Det er etablert fleire konkrete tiltak er som har fokus på å gjera motverke utanforskaps</b>			
2.4.1 KI laben er vidareført og sikra økonomisk	2025	Hemsedal kommune	Regionråd NAV
2.4.2 Hallingdal skreddarsyr arbeid og mogleheter framfor utanforskaps	2026	Regionråd	NAV
<b>Mål 2.5:</b> <b>Næringsliv, det offentlege og akademia jobbar systematisk med næringslivsutvikling og samfunnsutvikling</b>			
2.5.1 Vidareføre traineeordninga i Hallingdal både i næringsliv og i det offentlege	2025	Regionråd	Næringsliv Næringshagen
2.5.2 Synleggjera verdiskapingsprogram, internshipordningar og karrieremogleheter	2025	Regionråd	
2.5.3 VGS etablerer seg som universitetsskuler	2026	VGS	USN

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR			
Tiltak	Tid	Ansvar	Involvering
<b>Mål 3.1:</b> <b>Bygginga av vegpakke Hallingdal samt utbetring av fjellovergangane har kome i gong</b>			
3.1.1 Arbeide for finansiering og oppstart av vegpakke Hallingdal i tråd med NTP	2025	Regionråd	Samferdselsutval
3.1.2 Arbeide for betra veg og betre vinterregularitet på fjellover-gangane Rv7 og Rv52	2025	Regionråd	Samferdselsutval
3.1.3 Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunellen	2025	Regionråd	Samferdselsutval
<b>Mål 3.2:</b> <b>FRE 16 - Bergensbanen si forkortning har fått oppstartsløyving.</b>			
3.2.1 Arbeide aktivt for realisering av FRE 16	2025	Regionråd	Samferdselsutval
3.2.2 Delta og støtte ulike samarbeid og alliansar som jobbar for betra samferdselsløysingar	2025	Regionråd	Samferdselsutval
<b>Mål 3.3:</b> <b>Hallingdal har betra kollektivtilbod gjennom nytenkning rundt organisering og finansiering</b>			
3.3.1 Starte ein prosess internt i Hallingdal og mot fylkeskommunen for å finne nye kollektivløysingar	2026	Regionrådet	BFK
3.3.2 Sikre finansiering av Hallingbussen for framtida	2025	Samferdselsutval	Regionråd
<b>Mål 3.4: Alle bustadene i Hallingdal har tilbod om breibandsdekning</b>			
3.4.1 Fortsette breibandsutbygging i samarbeid med Bruse	2028	Regionråd	Kommunar Bruse

<b>KLIMA OG MILJØ</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>
<b>Mål 4.1:</b> Reduserer materielt forbruk og aukar ombruk, gjenbruk og kjeldesortering.			
4.1.1 Innføre klimaråd i kvar kommune	2025	Kommune	Bærekraft Hallingdal
4.1.2 Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune	2026	Kommune	Bærekraft Hallingdal
4.1.3 Miljøfyrtnertilsifisere kommunale virksomheter der det er hensiktsmessig	2028	Kommune	Bærekraft Hallingdal
4.1.4 Etablere gjenbruksordning på alle lokale mottak	2025	Bærekraft Hallingdal	Hallingdal renovasjon
4.1.5 Auke reparasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikre berekraftig forbruk og avfallsreduksjon i Hallingdal.	2025	Kommunar HR	Næringsliv frivillige
<b>Mål 4.2:</b> <b>Hallingdal er pådrivarar for grøne næringar ved å få til økonomisk vekst med mindre miljøpåverknad og lågare utslepp av klimagassar</b>			
4.3.1 Utarbeide besøksstrategi og sårbarhetsanalyse i tilknytning til sårbare områder/ områder med mye besøk	2026	Regionrådet	Næringshagen Karrieresenteret
<b>Mål 4.4 Hallingdal reduserer utslepp frå vegtrafikk gjennom auka tilrettelegging for utsleppsfrie køyretøy, betre kollektivtilbod og tilrettelegging for sykkel og fotgengarar</b>			
4.4.1 Legge til rette for og være pådriver for personbiler, busser, varebiler og tungtransport som bruker elektrisitet, biogass eller hydrogen	2026	Kommunane Klimakoordinator	Østlandssamarbeidet
<b>MÅL 4.5. Me reduserer forbruket av energi og produserer meir fornybar energi</b>			
4.5.1 Felles rammeavtale, eller regional kompetanse, for energimerking av kommunale bygg	2026	Regionrådet	Bærekraft Hallingdal
4.5.2 Installere solenergianlegg ved kommunale og private bygg der det er hensiktsmessig	2025	Klimakoordinator Kommunar Bedrifter	Solcelleaktørar
4.5.3 Få på plass ein regional energirådgjevar	2026	Regionrådet Bærekraft Hallingdal	Kommunane Hallingdal Næringshage
<b>Mål 4.6 Hallingdal jobber systematisk for å nå målene i regional plan for klima, natur og klimatilpasning</b>			
Regional plan for klima, natur og klimatilpasning blir jevnlig gått gjennom i ulike utvalg, team og råd	2025	Ordførar Kommunedirektørar/	
Det blir rapportert på status og indikatorer årlig i Hallingtinget	2025	Regionrådsordførar Regionrådsleiar	Klimakoordinator

<b>BU-OG BLILYST</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Involvering</b>
<b>Mål 5.1:</b> <b>Det er etablert samarbeid mellom offentlege og private aktørar om bustadutvikling i alle kommunar, og utarbeidd strategiar for styrka regionalt samarbeid på bustadfeltet.</b>			
5.1.1 Vurdere modellar for deleige for å gjera det lettare å koma inn på bustadmarknaden	2025	Kommunen	Regionråd
5.1.2 Pilotere eit «opplysnings-kontor for bustad» i Hallingdal som eit OPS, offentleg-privat samarbeid.	2025	Kommunen Næringshage	Næringsliv Husbanken Distriktsenteret
5.1.3 Kartlegge kommunenes bustadpolitiske arbeid og moglegheitsrom for samarbeid, styrker og svakeheter	2025	Kommunen Regionalt bulystprogram	Regionrådet Husbanken Distriktsenteret
5.1.4 Kompetanseheving på virkemiddelbruk i kommunane gjennom t.d. bustadkonferanse, kursing osb.	2025.- 2026	Opplysningskontor for bustad	Kommunane
<b>Mål 5.2:</b> <b>Det er iverksett strategiar for å få bulystarbeid inn i kommunal drift og ein har fått på plass tiltak for auka trivsel og tilhøyrigheit for innbyggjarane i Hallingdal</b>			
5.2.1 Vidareutvikle bulyst-forum i Hallingdal med deltaking frå alle kommunar.	2025	kommunane	Regionrådet
5.2.2.Gjennomføre tiltak som kjem i bu og blilystprogrammet	2025 2026	Regionalt bulystprogram	Regionrådet BFK
5.2.3 Implementere ein trivselsstrategi i alle kommunar	2025	Kommunen Regionalt bulystprogram	
<b>Mål 5.3:</b> <b>Hallingdal har iverksett nye tiltak for at fleire flyttar til Hallingdal og blir buande, og færre flytter frå.</b>			
5.3.1 delta i ei landsdekkande undersøking om kva som får folk til å flytte til distrikt	2025	Fjellnettverket Regionalt bulystprogram	
5.5.1 Delta i Emigration expo i Nederland	årleg	Regionråd	Kommunar
5.5.1 Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentleg sektor	2025	Kommunane	HR forum
<b>Mål 5.4:</b> <b>Hallingdal profilerer seg som EIN bu- utdannings og arbeidsregion og har målretta marknadsføring mot den kompetansen og dei folka me treng for å utvikle regionen</b>			
5.4.1 Etablere ein overordna profileringsskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no)	2025	Regionråd	
5.4.1 Styrke Hallingdal som merkevare	2026	Regionråd	

<b>MÅL 6. INTERKOMMUNALE TENESTER OG SAMARBEID</b>			
Tiltak	Tid	Ansvar	Innovering
<b>Mål 6.1.</b>			
<b>Hallingdal har utvikla eit strategi for betre samarbeid mellom ulike nivå i kommunane, mellom kommunar og mellom kommunar og Regionråd</b>			
6.1.1 Utarbeide ein kyreregular, mandat eller strategiar for å betre det regionale samarbeidet	2025	KRU	Regionråd
6.1.2 Arrangere årleg leiarsamling med fokus på regionalt samarbeid	2025	KRU	Regionråd HR
6.1.3 Utvikle gode samarbeids- løysingar som ivaretok lokale arbeidsplassar og regionalt fagmiljø	2025	KRU	
<b>Mål 6.2:</b>			
<b>Hallingdal er einige om korleis ein forvaltar nye og eksisterande regionale samarbeid og eigarinteresser</b>			
6.2.1 Regionrådet ønskjer å betre rutinane for eigarstyring	2025	KRU	Regionrådet
6.2.2. Auke styrekompentansen hjå dei politikarane som har behov for det	2026	Regionrådet	
<b>Mål 6.3:</b>			
<b>Hallingdal samarbeider godt om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.</b>			
6.3.1 Utgreie ei felles legevaktsløysing i Hallingdal	2025	Regionrådet	KRU KOLF Helseleiarar
6.3.2 Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester. Vurdere tettare samarbeid med oppvekst	2026	KRU	Helseleiarar Oppvekstleiarar
6.3.3. Utgrei eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga i Hallingdal <ul style="list-style-type: none"><li>• Unge demente</li><li>• Alvorleg demenssjukdom</li><li>• Bustader til demente</li></ul>	2027	Kommunane Regionråd	KRU KOLF Helseleiarar
6.3.4 Utgreie eit tettare samarbeid til personar med samansette behov	2027	KRU	Helseleiarar
6.3.5 Forløpende vurdere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap	Kont	KRU	
6.3.6 Styrke det regionale beredskapsamarbeidet kan styrkast ved å gjera følgande tiltak: <ul style="list-style-type: none"><li>• Regional ROS,</li><li>• Beredskapskoordinatorane bør ha faste møte.</li></ul>	2025	KRU	Berdskaps-koordinator

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årleg regional beredskaps-samling med kriseleiinga i kommunane, nødetatar og samvirkeaktørar.</li> <li>• Kommunane i størst mogeleg grad bruke felles planmalar</li> </ul>			
<b>Mål 6.4:</b>			
<b>Hallingdal har betra, fornya og forenkla sine IT løysingar slik at ein kan møte den digitale framtida på ein sikker og effektiv måte og bidra til å nå nasjonalt mål om å bli det mest digitaliserte landet i verda</b>			
6.4.1 Utarbeide og ta i bruk ein oppdatert digitaliseringsstrategi for Hallingdal	2025	IKT Hallingdal	Kommunane
6.4.1 Restrukturere organisering og leiing av digitale tenester og løysingar	2026	IKT Hallingdal	Kommunane
6.4.2 Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane og auke bruken av nasjonale felleskomponentar	2025	IKT Hallingdal	Kommunane
6.4.3 Ta i bruk KI som verktøy i heile Hallingdal	2026	IKT Hallingdal	Kommunane